



**Rabben Feriesenter har reagert på nabovarselet frå Geir og Elin Enes, om at området mellom det gamle Samvirkelaget og grensa mot E & M Holding, skal byggjast ut med campingvogner som faste installasjonar.**

Området er for fleire år sidan regulert som turistanlegg. Det vart godkjent i 2011. Merknaden gjeld at det skal vera dei same vilkåra for drift. Rabben Feriesenter spør i kommentaren til nabovarselet kven som skal sørge for at krava til overnattingsverksemd vert overhalde.

Rabben viser til at Øyro Marina og Camping har eksistert i 10 år og at det er gjeve dispensasjonar både for utkøyring til riksveg og til sanitærløysingar, utan at det vert fremma krav om utbetring.

I varselet står det at campingdrifta no skal utvidast med nærmare 40 vogner som faste installasjonar. Det står også at bubilar og telt skal kunne takast inn.

I uttalen til varselet er det trekt fram at etter at Enes fekk drive overnattingsverksemd på teigen mellom Rabben sine teigar, har det vore usemje og provokasjonar og at det er eit heller dårleg klima mellom desse verksemdene.

No når Øyro utvidar overnattingsverksemda, vil det ganske sikkert føre til enda fleire provokasjonar, skriv Rabben, som også påpeikar at Enes ikkje har og heller ikkje har planlagt sanitærbygg med dusj, WC og vaskerom. Dei har då heller ikkje tilkomst for rullestolbrukarar/HC med behov for desse tenestene, korkje for båthamn eller eksisterande og planlagt campingplass. Ein del av desse kundane går då til Rabben og belastar deira fasilitetar. Nokre spør om lov men dei fleste tek seg til rette då dei trur at heile området er ein stor campingplass. Båtlaget har leigd ut anlegget sitt for føremålet.

Rabben påpeikar også i merknaden at Enes ikkje har resepsjon, med vakt korkje for båthamn eller campingdrift. Det skal dei heller ikkje ha etter utvidinga, då dei bur i nærleiken, vert det opplyst i kommentaren frå Rabben.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen